



Eit liv i dikt og draum

– Det ville ha vore vanskeleg for Olav H. Hauge å skrive dei jordnære, enkle dikta som har ein så grunnleggande respekt for kvardagsmenneske og det hendingslause livet, om han ikkje hadde blitt rykt så kraftig bort frå den same røynda, seier Knut Olav Åmås.

Tekst: Bente Riise

Kontrasten mellom kvardagsliv og psykotiske opplevingar gjorde så sterkt inntrykk på Olav H. Hauge at han vart i stand til å skape stor diktning ut av nesten ingenting, i tillegg til si omfattande lesing. Det er berre i ei handfull dikt ein anar galskap som tema, men det prega store delar av livet hans, seier Knut Olav Åmås, som har skrive biografien om Olav H. Hauge. Åmås er filosof og redaktør i tidsskriftet Samtiden.

«Det ser ut til å gå fem år millom kvar bya. Alltid det same! Same tankane, same tilstanden. Denne gongen arbeidde eg lenger enn eg plar gjera. (...) Men eg streid meg gjennom, trur eg då. Eg skyner no at det var gale eg ikkje let dei senda meg. Då hadde eg fenge mat og litt tilsyn, set andre folk, fenge litt hjelp av pleiarar, dei kan gjera mykje!» Slik skreiv Hauge i dagboka etter å ha vore psykotisk, men altså ikkje innlagd, slik han hadde vore seks gonger før.

Olav H. Hauge (1908–1994) budde nesten heile livet i Ulvik i Hardanger, der han dyrka frukt og skreiv. Han debuterte i 1946, og gav ut sju eigne diktsamlingar. Han gjendikta òg utanlandsk lyrikk til norsk. «Gartnaren frå Ulvik» vart ei legende og ein kultfigur i levande live, og han er omsett til nesten 30 språk.

– Heile livet ønskte nok Hauge seg eit anna liv enn det han greidde å leve eller greidde å velje. Han valde no likevel det splitta tilværet mellom gartnaryrket og forfattaryrket, seier Åmås.

Indre press og kaos

– Hauge begynte tidleg med litteratur, allereie i ni-ti-årsalderen. Han verka vere fødd til å bli forfattar?

– Hauge skreiv sitt første dikt då han var tolv år, men eg har diverre ikkje klart å finne det. Han skreiv skarpe kommentarar, las mykje og hadde stor litterær dømekraft heile livet, sjølv om han heile tida var tvitydig og endra smak. Noko av det mest slåande med diktinga hans, og som mange ikkje har lagt merke til, er det sterke kravet hans om at all diktning og skjønnlitterær skriving skal vere oppbyggeleg og konstruktiv og ha eit positivt menneskesyn. Han mislikte forfattarar som er sterkt psykologiserande, og som grafsar i mørke sider.

Hauge levde og anda for litteraturen, men vart pressa til gartnaryrket av mor si. Ho syntest han måtte «bli noko». Hauge levde under eit stort press og med harde motsetningar.

– Han sa mange gonger sjølv at «det var difor det gjekk gale med meg, det var då det byrja». Dei store problema kom for alvor i 1929, då han vart svært isolert mens han gjekk på gartnarskulen på Hjeltnes. Så kom han til landbrukshøgskulen på Ås som lærling, men måtte reise heim før tida på grunn av sjukdom. Deretter var han nokre år på forsøks garden Njøs i Sogn, der han vart endå meir isolert. Han var ekstremt opptatt av sjukdom, både fysisk og psykisk i dei åra, og var nok det ein på folkemunne kallar hypokonder. Han var sjeleglad kvar gong han kunne reise inn til Bergen på veg heim til Ulvik, for då fekk han gå til lege. Då var lukka hans gjord! Og det er interessant at ein av dei første legane han møtte, var Gabriel Langfeldt, som òg vart sentral for Ragnvald Skrede og Knut Hamsun. Langfeldt var politilege i Bergen frå 1929 til 1935, og er den som fekk han inn på observasjonsavdelinga til politiet, og så tvangsinnlagd på det psykiatriske asylet Neevengården i Bergen.

Reimar og isolasjon

Den unge Hauge klarte ikkje å halde fast i realitetane, han fekk vrangførestellingar og vart psykotisk.

– *Korleis opplevde han dette sjølv?*

– Eg har lese journalane hans, med løyve frå sjukehusa og Huges enke, og det er gruffullt å lese, for han var verkeleg alvorleg sjuk. Eg har ikkje lyst til å seie noko om det som står der, og har dempa dette temaet kraftig ned i boka. Eg siterer heller ikkje eitt einaste ord frå journalane, men skriv varsamt og knapt om desse periodane då han var utanfor sin eigen kontroll. Han vart valdeleg og måtte takast med makt. Han hadde kraftige vrangførestellingar heilt fram til 1960, og kvar gong han vart innlagd, var det med tvang. Det måtte tre, fire mann til for å halde han, for han var råsterk.

Første gongen var han innlagd i tre og eit halvt år, først nokre veker på Neevengården i Bergen og så på Valen i 1934.

– Det var stort sett å liggje i reimar og isolasjon, og han låg lenge på einecelle. Frå det andre eller tredje opphaldet fekk han lange seriar med elektrosjokk. Etter kvart vart det brukt meir medisinar, som han seier tok frå han nattesøvnen seinare i livet, men som han fekk trappa ned bruken av. Overlegen på Valen var jo også glad i arbeidsterapi, til dømes strikking og hagearbeid.

Ikkje sjukdom, men åndsliv

I ettertid skreiv han at han sakna Valen slik det var første gongen.

– Då var det sterke og originale personlegdomar som var der, som rett nok song og skrålte og hylte døgnet rundt, men som var dei mest originale menneska han nokon gong hadde møtt. Då han kom tilbake nokre år etterpå, var dei neddopa, sløve og feite, nokre også lobotomerte. Så han vart etter kvart sterkt psykiatrikritisk.

Hauge skriv i dagboka at han meiner behandlinga øydela mange fine åndsmenneske. Han var full av beundring for mange av medpasientane sine. Han ville heller ikkje kalle dei psykiske problema for sjukdom.

– Hauge såg på psykiske lidningar som ei høgare form for åndsliv. At det å bli gal var ei oppvakning frå det vanlege, konforme og ureflekterte livet, og at dette var ei svært viktig innsikt å få. Det er då han forstår kva han sjølv har gjort gale i livet, og kva han har gjort bra. Og det er sikkert difor han brende manuset til dei to gjennombrøtsbøkene sine, «På ørnetuva» og «Dropar i austavind». Det er i desse oppvakningstilstandane, som han kallar det, at han får ein djup avsky for det han har gjort, og for det skrivne som han no skal stå fram med. Slike sjølvdestruktive handlingar er ikkje så uvanlege når ein blir psykotisk. Mykje av arbeidet mitt har vore å motverke ei romantisering av psykisk sjukdom som kunstnarar ofte blir til del, og eg har difor hatt tre ulike psykiatrar til å hjelpe meg med å avmytifisere og lage ei nøktern framstilling.

– *Olav H. Hauge fekk diagnosen schizofreni. Ville han fått den i dag?*

– Han hadde den diagnosen heile tida, heilt fram til 1960. Både Finn Skårderud, Tjerand Lunde, dagens overlege på Valen og son til Hauges lege, og schizofrenieksperten Reidar Kjær meiner han i dag ville fått ein annan diagnose, kanskje paranoid psykotisk med schizoaffektive trekk, ein mindre kronisk tilstand enn schizofreni, og med betre prognose. Men dei siste åra han levde, var han frisk.

Det var svært krevjande for han å skrive, og han fekk samanbrot nesten kvar gong ei ny diktsamling var klar.

Tre vendepunkt

Hauge levde på mange vis eit utruleg liv, i lange periodar svært isolert, utan mange å snakke med verken om litteratur eller andre ting. Likevel torde han å sende inn diktsamlingar, så han må ha hatt ein del energi.

– Kor enorm energien hans var, veit eg no ikkje. Det er noko tuslete og tafatt over store delar av livet hans. Det finst hundrevis av upubliserte dikt, men dei er stort sett ikkje verdt å publisere, dei er ikkje så gode. Han vart jo heile 85 år, og brukte fem år på kvar bok, så særleg energisk var det vel ikkje. I byrjinga sleit eg med å skulle skrive om ein så «treg» person, som i lange periodar var så puslete og så uproduktiv. Men etter kvart såg eg verdien av å skrive om eit liv som var så kvardagsleg, og som så likevel vart til noko.

Åmås skriv at Hauge hadde tre store vendepunkt i livet.

– Det første vendepunktet var då han bestemte seg for å bli gartner i 1929, noko som i hans eigne auge vart ein liten tragedie i livet hans. Det andre vendepunktet var då diktsamlinga «Dropar i austavind» sørgjer for det endelege gjennombrøtet. Det tredje vendepunktet var då Bodil Cappelen kom til han i 1975, og dei gifta seg det året han fylte sytti. Han fann kjærleiken til slutt og sa at ho var det beste som hadde hendt han.

I byrjinga fekk ikkje diktsamlingane hans stor merksemd. Men etter kvart vart han sedd som den kunstnaren han var.

– *Kor viktig vart dette for han?*

– Det vart svært viktig. Også på Valen hadde han ein overlege, Konrad Lunde, som var opptatt av forfattarskapen hans, og der gjekk han berre under namnet «Diktaren». Alle visste kven han var, han hadde ein identitet der. Ein sosialarbeidar som gjekk tur med han, snakka heilt sikkert med han om diktning. Truleg fekk han snakka meir om litteratur her enn heime i Ulvik når han var frisk. Familien hans var ikkje interessert i litteratur, vi veit faktisk ikkje om dei las bøkene hans i det heile, og iallfall ikkje før i sekstiåra. Men familien var viktig bakkemannskap mellom sjukehusopphalda, og sørgde for at han fekk mat, og at han var i ein trygg samanheng. Hauge budde saman med foreldra heilt til han var 46 år, då han flytta inn i et anna hus på garden. Han budde aleine i 21 år før Bodil Cappelen kom.

Hopp utan tilløp

Åmås er opptatt av å få fram eit meir utfyllande bilete av Hauge, også at han var såpass sjuk som han var.

– Hauge er blitt putta inn i eit skjema, i ei ikonisk framstilling. Og det er eit nynorsk skjema. Han er naturmennesket, han veks rett opp frå jorda, så å seie, men er då meir internasjonalt orientert enn riksmålsdiktarane i hovudstaden. Han går ikkje via Oslo, men direkte ut i Europa i si litterære orientering.

At han fekk si store godkjenning først då han var seksti, seier også litt om den energien han må ha hatt. Og som psykiateren Tjerand Lunde seier: heile Hauges liv var som hopp utan tilløp. Han kasta seg ut i ting han ikkje hadde noka støtte for å kaste seg ut i. Men det var då han øste seg opp og verkeleg trudde han var ein stor mann, det gjekk gale, det var farleg for han. På ein måte blir det lekamleggjinga av ei generell menneskeleg innsikt: at det skal sterk rygg til å bere medgang. Lar ein seg rive med, kan dømekrafta bli svekt, og ein kan misse kontrollen.

Noko av det siste Hauge sa var: «Det har ikkje vorte noko av meg!»

- Eg trur ikkje det var koketteri, han meinte det djupt og inderleg.

I cella

Her høyrde eg heime.
Hadde visst alltid
lengta hit.
Ei naki celle.
Slitne golvplankor,
ei tung eikedør
med ein glugg.
I eine hyrne ei madrass
og nokre ullteppe,
ei gummipotte,
det var det heile.
Under vindauga
ein radiator
med stålpanel ikring,
det let so fint i den
når ein slo på han
og song til.
På veggen underlege teikn
og bokstavar rita i pussen.
Vindauga med jarnstenger,
men soli kom kvar dag
og la gulltavlor på golvet,
her òg.

Olav H. Hauge, 1979

